

Til: Kontrollutvalet
Frå: Fylkesrådmannen

Handlingsplan for Hordaland fylkeskommune

Forvaltningsrevisjon om opplæringstilbodet til minoritetsspråklege elevar

Fylkesrådmannen viser til møte i FT 13.06.17 og vedtak i sak 34/2017

På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan «opplæringstilbodet til minoritetsspråklege elevar» ber fylkestinget fylkesrådmannen syte for:

1. Å gjennomgå dei særskilde opplæringstilboda retta mot minoritetsspråklege elevar (treårig studiespesialiserande og VG1 helse- og oppvekstfag), og sikrar at fylkeskommunen etterlever reglane om organisering av klasser i opplæringslova § 8-2
2. Å sikre at minoritetsspråklege elevar som ikkje har tilstrekkelege norskkunnskapar til å følgje den vanlege opplæringa i skulen får eit tilbod om særskild språkopplæring, jf. opplæringslova § 3-12 første ledd, og at det blir fatta enkeltvedtak om slik opplæring
3. Å sikre at det blir gjennomført kartlegging av minoritetsspråklege elevar sine norskkunnskapar som grunnlag for å fatte enkeltvedtak om særskild språkopplæring, og at norskkunnskapane også blir kartlagt undervegs i opplæringa for elevar som får særskild språkopplæring, jf. krav i opplæringslova § 3-12 fjerde ledd
4. At det for alle elevar med enkeltvedtak om særskild norskopplæring også blir vurdert om eleven har behov for morsmålsopplæring og/eller tospråkleg fagopplæring, jf. opplæringslova § 3-12 første ledd
5. Å sikre at enkeltvedtak om særskild språkopplæring blir utforma med bakgrunn i den enkelte eleven sine individuelle behov
6. At sakshandsaminga og enkeltvedtaka om særskild språkopplæring ved skulane oppfyller krav i opplæringslova og forvaltningslova, mellom anna når det gjeld: a) grunngeving av enkeltvedtak, b) skildring av kva det er fatta vedtak om, c) informasjon om klageinstans og retten til å sjå dokumenta i saka d) enkeltvedtak om opphøyr av særskild språkopplæring
7. Å leggje til rette for meir erfaringsdeling og drøftingar på tvers av skulane når det gjeld organisering av tilbodet om særskild norskopplæring
8. Å avklare og tydeleggjer ulike sider ved innføringsklassene ved dei vidaregåande skulane i Hordaland, under dette vurderer fordelar og ulemper ved å ha eit innføringstilbod som ikkje er omfatta av opplæringslova, samt tydeleggjer kva dette har å seie for elevane
9. At elevar som er aktuelle kandidatar for innføringsklasse blir tydeleg informert om at dei har rett til å velje ordinær opplæring framfor innføringsklasse, og om konsekvensane av valet eleven gjer
10. Å utarbeide rutinar for å tydeleggjere ytterlegare kva rettar elevane har når det gjeld val av målform, samt kven som har ansvar for å informere elevane om desse rettane.

11. Å lage ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.11.2017 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgje opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga. Handlingsplanen skal også leggjast fram for fylkestinget via utval for opplæring og helse.

Kontrollutvalet handsama handlingsplanen i møte 11.02.19 og fatta følgjande vedtak:

1. Kontrollutvalet ser positivt på at der er gjennomført noko meir forbetningsarbeid som oppfølging av forvaltningsrevisjon innan oppfølging av minoritetsspråklege elevar sidan førre handsaming i utvalet.
2. På bakgrunn av det som går fram av tilbakemeldinga ber kontrollutvalet om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding på punkta 1,2,3,4,5,6, og 7 i vedtaket i fylkestinget 13.06.17 innan 12.08.19.
3. Av tilbakemeldinga må det grå fram korleis forbetningspunktta, som er tenkt skal inngå som ein del av arbeidet med ny felles rutinar i fylkessamanslåinga, så langt er handtert.

Under følgjer fylkesrådmannen sin statusrapportering for punkt 1-7 i vedtaket frå fylkestinget:

1. Å gjennomgå dei særskilde opplæringstilboda retta mot minoritetsspråklege elevar (treårig studiespesialisering og VG1 helse- og oppvekstfag), og sikrar at fylkeskommunen etterlever reglane om organisering av klasser i opplæringslova § 8-2	Ansvar:
Tiltak 1: <ul style="list-style-type: none"> • Legge fram sak for fylkesutvalet med forslag om at det 3-årige tilbudet for minoritetsspråklege elevar ved Bergen katedralskole vert fasa ut. Frå hausten 2018 må elevar søkje seg inn i ordinære klassar. Elevar som starta i det 3-årige løpet i 2016 og i 2017, vil kunne fullføre utdanninga i vg2 og vg3 ved Bergen katedralskole 	fylkesdirektør opplæring
Status: Gjennomført våren 2019	
Tiltak 2 <ul style="list-style-type: none"> • Med frist 1.juni 2018 skal fylkesdirektør opplæring vurdere grunnlag for å opprette eit nytt studieretta vg1-tilbod for elevar med vedtak om særskilt språkopplæring. Elevar som søkjer inntak 1.februar 2019 kan då etter kartlegging og enkeltvedtak om særskild språkopplæring etter § 3-12, få tilbod om inntil 2 år i vg1 før dei søkjer plass i ordinære klassar i vg2. 	fylkesdirektør opplæring
Status: <ul style="list-style-type: none"> • Etter ny vurdering har fylkesrådmannen kome fram til at dette tiltaket ikkje vil bli gjennomført. Tiltaket kan takast opp til ny vurdering i Vestland fylkeskommune. 	
Tiltak 3: <ul style="list-style-type: none"> • Med frist 1. juni 2018 skal det vurderast om fylket skal etablere eit yrkesretta vg1-tilbod for elevar med vedtak om særskilt språkopplæring. I eit nytt tilbod vil elevar som søkjer inntak 1.februar 2019 etter kartlegging og enkeltvedtak om særskild språkopplæring etter § 3-12, få tilbod om inntil 2 år i vg1 før dei søkjer plass i ordinære klassar i vg2. Tilbodet kan prøvast ut i fleire yrkesretta tilbod. 	fylkesdirektør opplæring
Status: <ul style="list-style-type: none"> • Gjennomført. Det er oppretta tilbod om Vg1 innanfor HO ved Åsane vgs. og Fyllingsdalen vgs. Opplæringsavdelinga har planlagt og gjennomført kartlegginga og fatta enkeltvedtak om særskilt språkopplæring. 	

<p>Tiltak 4:</p> <ul style="list-style-type: none"> Med frist 1. juni skal skuleeigar kartleggje alle søkjarar til innføringsklassane og skrive enkeltvedtak etter § 3-12 før inntaket vert fastsett. 	fylkesdirektør opplæring
<p>Status:</p> <ul style="list-style-type: none"> Kartlegging gjennomført våren 2019 – vedtak skal gjennomførast innan 01.09.19 2019. Skuleeigar har gjennomført kartlegging og skulane vil fatte vedtak ved skulestart. 	
<p>Tiltak 6:</p> <ul style="list-style-type: none"> Informasjon om § 3-12 skal årleg inngå i program for skuleleiingane på ulike samlingar som til dømes årleg kurs i juss for skulane og ressursteamsamling. 	fylkesdirektør opplæring
<p>Status :</p> <ul style="list-style-type: none"> Rutinar og retningslinjer går ut frå fylkesdirektør før skulestart og kurs er planlagt for alle ressursteam i september. <i>Informasjon til våre skoler:</i> Se intranett her http://innsida.hfk.no/NYHENDE/Alle-nyhende/Inntaket-til-dei-vidaregaande-skulane-skulearet-20192020/ (min.spr.) 	
<p>Tiltak 5:</p> <ul style="list-style-type: none"> Gjennomføre tilsyn i 3 skular i tråd med prosedyren – I samband med tilsyn om § 3-12 ved 3 skular (jf. tiltak i pkt.2), skal skuleeigar sjå enkeltvedtaka skulen har fatta. 	fylkesdirektør opplæring
<p>Status:</p> <ul style="list-style-type: none"> Ved inntak av elevar frå innføringsklassar for skuleåret 2019/2020, har inntakskontoret gått gjennom enkeltvedtak om særskild språkopplæring og vurderingsskjema for skuleåret 2018/2019. Dette gjeld omtrent 150 elevar. Dette som ein del av sakshandsaming av søknad om inntak til vidaregåande opplæring for minoritetsspråkleg søkjarar. 	

<p>2. Å sikre at minoritetsspråklege elevar som ikkje har tilstrekkelege norskkunnskapar til å følgje den vanlege opplæringa i skulen får eit tilbod om særskild språkopplæring, jf. opplæringslova § 3-12 første ledd, og at det blir fatta enkeltvedtak om slik opplæring</p>	Ansvaret
<p>Tiltak 1:</p> <ul style="list-style-type: none"> Informasjon om § 3-12 skal årleg inngå i program for skuleleiingane på ulike samlingar som til dømes årleg kurs i juss for skulane og ressursteamsamling. 	Fylkesdirektør opplæring

<p>Status:</p> <ul style="list-style-type: none"> Fylkesdirektør opplæring innkallar alle ressurstema på dei vidaregåande skulane til årlege samlingar. Samlingane vil i år finne stad i uke 38. Gjennomgang av lov/regelverk og rutinar er sett på dagsorden. 	
<p>Tiltak 2</p> <ul style="list-style-type: none"> Gjennomføre tilsyn i 3 skular i tråd med prosedyren – I samband med tilsyn om § 3-12 ved 3 skular (jf. tiltak i pkt.2), skal skuleeigar sjå enkeltvedtaka skulen har fatta. 	Fylkesdirektør opplæring
<p>Status:</p> <ul style="list-style-type: none"> Det er ikkje gjennomført tilsyn om § 3-12 ved tre skular, men opplæringsavdelinga har ved inntak av elevar frå innføringsklassar for skuleåret 2019/2020, gått gjennom enkeltvedtak om særskild språkopplæring og vurderingsskjema for skuleåret 2018/2019. Dette gjeld omtrent 150 elevar. Dette som ein del av sakshandsaming av søknad om inntak til vidaregåande opplæring for minoritetsspråkleg søkjarar. 	

<p>3. Å sikre at det blir gjennomført kartlegging av minoritetsspråklege elevar sine norskkunnskapar som grunnlag for å fatte enkeltvedtak om særskild språkopplæring, og at norskkunnskapane også blir kartlagt undervegs i opplæringa for elevar som får særskild språkopplæring, jf. krav i opplæringslova § 3-12 fjerde ledd</p>	<p>Ansvar:</p>
<p>Tiltak 1:</p> <ul style="list-style-type: none"> Prøve ut nytt kartleggingsverktøy ved 3 skular gjennom skuleåret 2017/18. Verktøyet skal vere klar til bruk vere i bruk ved alle skular til skulestart 2018. 	Fylkesdirektør opplæring
<p>Status: Gjennomført</p>	
<p>Tiltak 2</p> <ul style="list-style-type: none"> Lærarane skal få opplæring i bruk av verktøyet. 	Fylkesdirektør opplæring
<p>Status: Utvikling og innføring av kartleggingsverktøy</p> <p>I arbeidet med utvikling og innføring av felles verktøy for kartlegging og oppfølging av elevane si dugleik i norsk har vi våren 2019 hatt hovudfokus på å lære opp nye skular og PP-rådgjevarar, slik at flest mogleg einingar er rusta til å nytte verktøyet og nye kartleggingsprøver frå skulestart hausten 2019.</p> <p>Å trene på vurdering av produktive ferdigheter (munnlege og skriftleg produksjon) i fellesskap med andre lærarar, og med rettleiing av kompetente fagpersonar, har vore ein</p>	

sentral del av opplæringa. Skular og lærarar i Sogn og Fjordane fylkeskommune har også delteke i opplæringa og har no kompetanse på bruk av verktøyet.

Planen for kommande skuleår er å vidareutvikle verktøyet med ein digital leseprøve (nivå B1+). I tillegg til dette vil vi neste skuleår ha eit særleg fokus på pedagogiske ressursar og rutinar som skulane kan nytte underveis i læringsarbeidet og i oppfølginga av elevane.

4. At det for alle elevar med enkeltvedtak om særskild norskopplæring også blir vurdert om eleven har behov for morsmålsopplæring og/eller tospråkleg fagopplæring, jf. opplæringslova § 3-12 første ledd	Ansvar:
Tiltak 1: <ul style="list-style-type: none">Nytt skjema for enkeltvedtak blei tatt i bruk for skuleåret 2017/18	Fylkesdirektør opplæring
Status: Gjennomført.	
Tiltak 2 <ul style="list-style-type: none">Innan 1.februar 2018 skal skuleeigar starte eit utviklingsprosjekt og søkje samarbeidspartnarar for å etablere digitale løysingar for to-språkleg støtte for elevar med denne retten etter § 3-12.	Fylkesdirektør opplæring
Status: Starta opp <ul style="list-style-type: none">Opplæringsavdelinga har våren 2019 tatt initiativ til eit samarbeid med aktuelle skular for å sjå nærare på moglege arbeidsmåtar og undervisningsmodellar for tospråklig undervisning med støtte i IKT og digitale verktøy.I nær dialog med interesserte skular er det planlagt utprøvingar ved fire skular hausten 2019/våren 2020. Arbeidet vil i første omgang ha fokus på å utvikle og dokumentere moglege arbeidsmåtar med støtte i IKT, og etter kvart å spreie erfaringar og kunnskapen til resten av skulane i HFK/VLFK.Etter same modell som i arbeidet med felles kartleggingsverktøy vert det utvikla ein felles nettstad for utviklingsarbeidet, der nye skular og lærarar gradvis får tilgang til- og kan bidra med felles innhald og ressursar.	

5. Å sikre at enkeltvedtak om særskild språkopplæring blir utforma med bakgrunn i den enkelte eleven sine individuelle behov	Ansvar:
Tiltak 1: <ul style="list-style-type: none">Krav om individuell kartlegging skal leggest til grunn for alle enkeltvedtak	Fylkesdirektør opplæring
Status: <ul style="list-style-type: none">Fylkesdirektør opplæring har gjennomgått og oppdatert alle malar og retningslinjer og vil sende melding før skulestart til alle rektorane med ei samla oversikt over tilgjengelege retningslinjer og ressursar i kvalitetsportalen og understreke korleis det er forventta at skulane følgjer opp krav til kartlegging,	

enkelvedtak og tilrettelegging av læringsfremjande tilbod om særskild språkopplæring. Dette bli også tema på samling for alle ressursteam i september.	
Tiltak 2	
<ul style="list-style-type: none"> • Styrke kvaliteten på kartleggingsverktøy 	
Status:	
<ul style="list-style-type: none"> • Det er utvikle og prøvd ut nytt kartleggingsverktøy ved 3 skular skuleåret 2017/18. Verktøyet var klar til bruk ved alle skular til skulestart 2018. 	

6. At sakshandsaminga og enkelvedtaka om særskild språkopplæring ved skulane oppfyller krav i opplæringslova og forvaltningslova, mellom anna når det gjeld: a)grunngeving av enkelvedtak, b)skildring av kva det er fatta vedtak om, c)informasjon om klageinstans og retten til å sjå dokumenta i saka d) enkelvedtak om opphøyr av særskild språkopplæring.	Ansvar:
Tiltak 1:	
<ul style="list-style-type: none"> • Sikre at malar, skriv og prosedyrar oppfyller krav i opplæringslova og sikre at dei er kjent gjennom informasjon til skuleleiingane. 	Fylkesdirektør opplæring
Status: Alle malar gjennomgått av opplæringsavdeling i august 2019 og vert sendt ut i august/september	
Tiltak 2	
<ul style="list-style-type: none"> • Sjå til at enkelvedtak blir fatta så raskt som mogleg. Frist for rapportering av enkelvedtak og elevlistar til administrasjon skal frå hausten 2018 vere 1.10. for hausterminen og 1.2. for vårterminen. 	fylkesdirektør opplæring
Status: Kravet er lagt inn som del av intern rutine i opplæringsavdelinga	
Tiltak 3:	
<ul style="list-style-type: none"> • Fylkesrådmannen skal legge til rette for tilbod om årlege kurs om regelverksoppfølging på feltet i samarbeid med fylkesmannen i Hordaland. 	fylkesdirektør opplæring
Status:	
Sjå status punkt 3 i vedtaket slik det går fram over.	

7. Å leggje til rette for meir erfaringsdeling og drøftingar på tvers av skulane når det gjeld organisering av tilbodet om særskild norskopplæring	Ansvar:
Tiltak 1:	
<ul style="list-style-type: none"> • Gjennomføre ei samling med representantar frå alle skulane i Hordaland våren 2018 om tema særskild språkopplæring. 	Fylkesdirektør opplæring

<p>Status:</p> <p>Det er lagt til rette for deling av erfaringar mellom deltakande skular i utviklingsprosjektet med digitale læremidler i to-språkleg opplæring. Opplæringstilbod til minoritetsspråklege er også eit tema som med jamne mellomrom blir løfta på regionale leiarsamlingar. Det vil og vere høve til å ta opp spørsmål og komme med innspel på grunnlag av eigne erfaringar på ressursteamsamlingane i september.</p>	
<p>Tiltak 2</p> <ul style="list-style-type: none"> Nytt kurs med 30 plassar i samarbeid med UiB i norsk som andrespråk startar med 4 heile dagar den 26. oktober 2017. Norskklærarane er sentrale i kartlegging og tilrettelegging av særskild språkopplæring. 	fylkesdirektør opplæring
<p>Status:</p> <p>Kurset vert også lyst ut i august og gjennomført skuleåret 2019 -20</p>	

Kommentar til punkt 3 i Kontrollutvalet sitt vedtak i møte 11.02: «Av tilbakemeldinga må det grå fram korleis forbettringspunkta, som er tenkt skal inngå som ein del av arbeidet med ny felles rutinar i fylkessamanslåinga, så langt er handtert.»

Svar:

Arbeidet med samanslåingsprosessen er organisert gjennom til saman 11 delprosjekt. Delprosjekt 1.2 omhandlar kvalitet i opplæringa og sluttrapport skal etter planen leverast i november/desember 2019. Opplæringstilbod og kvalitetsoppfølging av tilbod til minoritetsspråklege er eit eige tema i prosjektet og det er sett ned ei arbeidsgruppe på tvers av dei to fylka. Grappa har gått grundig gjennom tilbod og rutinar i dei to fylka og det er venta at arbeidet med felles rutinar vil vere klart våren 2020, i god tid til skulestart 2020.

Fylkesdirektør opplæring vil også legge vekt på å sjå arbeidet med å utvikle gode og tilpassa opplæringsløp for minoritetsspråklege i samanheng med nye fylkeskommunale oppgåver knytt til integrering. I denne samanheng er det etablert eit delprosjekt som skal kartlegge og komme med tilråding om korleis oppgåver skal fordelast mellom ulike avdelingar i fylkeskommunen, og ikkje minst vurdere korleis den samla innsatsen skal skje så samordna og koordinert som mogleg.